



Strategi- og tiltaksplan 2017 – 2021

Ambisjon

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering sin ambisjon er å vere ein kompetent og oppdatert bidragsyter innan kunnskapsutvikling, nettverksbygging, undervisning og informasjonsverksemd, og ein løysingsorientert samarbeidspartnar for koordinering og formidling av tenester innan habilitering og rehabilitering i Helseregion Vest.

Samarbeid

Senteret arbeider nettverksorientert og samarbeider med aktører innan habilitering og rehabilitering på tvers av føretak, region, sektor, nivå og fagområde. Tiltak i regi av senteret er i hovudsak retta inn mot helsepersonell. Nokre av tenestene ved funksjonane Regional koordinerande eining (RKE) og Regional vurderingseining for rehabilitering (Vurderingseininga) retter seg også direkte mot pasientar og pårørande.

Hovudoppgåver og målsetting

Kompetansesenteret har fem hovudoppgåver gitt i mandat frå Helse Vest RHF. Planlagde tiltak for perioden 2017 – 2021, innanfor kvar av desse oppgåvene, er nedfelt i denne planen. Etablering av senteret i 2007 er ledd i ei langsiktig strategisk satsing på habilitering og rehabiliteringsfeltet i regionen. Målsettinga er å styrkje kunnskapsgrunnlaget for vidareutvikling av feltet, og å etablere strukturar og arenaer for samarbeid mellom aktørane på tvers av føretaksgrensar og med samarbeidspartnere utanfor spesialisthelsetenesta.

Forankring

Kompetansesenteret er organisert som eigen eining ved ReHabiliteringsklinikken i Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus. Senteret har bindeleddsmedarbeidarar i Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde, og held til i sentrum av Nesttun, Fana bydel. Regional referansegruppe, med rådgivande funksjon, har representantar frå helseføretak, kommunar, private rehabiliteringsinstitusjonar, private sjukehus, høgskolar, universitet og Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF.

Styrande dokumentar

Mandat frå Helse Vest RHF (2010) og Regional plan for habilitering og rehabilitering (2016). Andre dokument som er studert under prosessen med rullering av strategi- og tiltaksplanen er: Helse 2030 (overordna strategi for spesialisthelsetenesta på Vestlandet under utarbeiding), Nasjonal helse- og sykehusplan, Regjeringens opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering (2017 - 2019), Forskingsstrategi 2016 – 2019 og Utlysing av strategiske midlar til samhandlingsforskning 2017 – 2019 frå Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator legg føringar for oppgåver ved Regional Koordinerande Eining.

Rapportering, evaluering og formidling

Kompetansesenteret leverer [årsrapport](#) til Helse Vest som er tilgjengelig via nasjonal portal. Det blir utarbeidd separat [årsrapport](#) om aktiviteter og pasientflyt ved Vurderingseininga. Senteret blei [evaluert](#) i 2013. Kompetansesenteret formidlar informasjon om egne tiltak gjennom nettsida www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab

Ressursar

I 2017 disponerer kompetansesenteret 9,2 årsverk fordelt på til saman 11 personar i regionen. Medarbeidarane har ulike helsefaglege grunnutdanningar og klinisk erfaring frå habilitering og/eller rehabilitering i spesialist- og kommunehelsetenesta. Dei fleste har relevante vidareutdanningar og hovudfag, mastergrad eller doktorgrad innan helsefag.

Habilitering og rehabilitering

Brukarar og pasientar med behov for habilitering er barn, unge og vaksne med medfødte eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar.

Rehabilitering er vanlegvis retta mot tilstandar ein har fått seinare i livet.

Habilitering dreier seg om å lære nye ferdigheiter, mens rehabilitering handlar om å vinne tilbake tapte ferdigheiter

1 FORSKING OG FAGUTVIKLING

Kompetansesenteret bidreg til å styrke forskning, forskingskompetanse og samarbeid om forskning innan habilitering og rehabilitering mellom helseføretaka og dei private aktørane. Forsking og fagutvikling bidreg til ny kunnskap og til utvikling av kvaliteten på tenester til pasientane.

NR	TILTAK	2017	2018	2019	2020	2021	SØKE SAMARBEID MED
1.1	Forskning innan habilitering Søkje å legge til rette for doktorgradskandidat innan habilitering på temaområde organisering/koordinering /formidling av tenester/ vekslingsfelt og samarbeid (Jfr. Forskingsprogram 2009, kap. 5.3)		X	X			Rettleiar ved UIB eller HIB Helse Vest RHF, hf-a Norsk akademi for habiliteringsforskning
1.2	Forskning innan habilitering Rekruttere og følgje opp doktorgradskandidat i midlertidig 3/4 –årig stilling			X	X	X	Rettleiar ved UIB eller HIB
1.3	Forskning innan habilitering Kontinuere samarbeidet om tilrettelegging for forskning innan habilitering, herunder planlegging og arrangement av årleg forskingskonferanse, gjennom Norsk akademi for habiliteringsforskning	X	X	X	X	X	Nasjonal arbeidsgruppe for nettverket, Helsedirektoratet, andre samarbeidspartnarar

1 FORSKING OG FAGUTVIKLING

NR	TILTAK	2017	2018	2019	2020	2021	SØKE SAMARBEID MED
1.4	Forskning innan rehabilitering Følgje opp pågåande doktorgradsprosjekter (2)	X	X				Rettleiarar
1.5.	Forskning innan rehabilitering Følgje opp prosjekt <i>Rehabilitation in western Norway: Characteristics of the patients with focus on Quality of Life, and activity and participation</i> gjennom rekruttering av post-doc kandidat for vidare data-analyser og utvikling av nye doktorgradsprosjekter	X	X	X	X		UIB, hf-a, private rehabiliteringsinstitusjonar
1.6	Forskning innan rehabilitering Søke å legge til rette for rekruttering av doktorgradskandidat (jfr. 1.5)			X			Samarbeidsorganet i Helse Vest, andre
1.7	Forskning innan rehabilitering Følgje opp Regionalt tverrfagleg forskingsnettverk innan rehabilitering	X	X	X	X	X	Regional programkomite, andre ressurspersonar
1.8	Forskning innan rehabilitering Vidareutvikle samarbeid om forskingsprosjekter, søknader om finansiering og utvikling av kvalitetsregister	X	X	X	X	X	Aktører innan rehabilitering lokalt regionalt og nasjonalt. Nettverk innan spesialisert rehabilitering (tiltak 2.5), NKRR, andre

2 NETTVERKSBYGGING

Gjennom målretta bygging, drift og deltaking i nettverk, bidreg kompetansesenteret til formidling og utveksling av forskningsbasert kunnskap, erfaringsbasert kunnskap og brukarkunnskap ovanfor og mellom helsepersonell i regionen. Målsettinga er å medverke til utvikling av kompetanse og forbetring av habilitering- og rehabiliteringstenester på tvers av føretak og nivå.

NR	TILTAK	2017	2018	2019	2020	2021	SØKE SAMARBEID MED
2.1	Vidareutvikle, drifte og evaluere fag- og samarbeidsnettverk som tidlegare er etablert av senteret:	X	X	X	X	X	
2.2	Etablere og/eller følgje opp regionale fagnettverk og prosjekter for utveksling og spredning av kompetanse, kvalitetsforbetring og utvikling av fagfelta på prioriterte områder (forankra i Regional plan for habilitering og rehabilitering/andre normerande planer/dokumenter, styringssignal)		X	X			Koordinerande einingar i kommunane, kontaktpersonar i spesialisthelsetenesta, brukarutval, programkomite/arbeidsgrupper
2.3	Delta i utvalgte fagnettverk/prosjekter innan habilitering og rehabilitering som er initiert og drifta av samarbeidspartnarar lokalt, regionalt eller nasjonalt, og vinternasjonalt	X	X	X	X	X	andre ressurspersonar og samarbeidspartnarar
2.4	Kontinuere samarbeid og deltaking i dei nasjonale nettverka; Norsk akademi for habiliteringsforskning, Nasjonalt nettverk av RKE, Nasjonalt nettverk for vurderingsenheter	X	X	X	X	X	Samarbeidspartnarar regionalt og nasjonalt
2.5	Ta initiativ til etablering av nasjonalt fag- og samarbeidsnettverk innan spesialisert rehabilitering, i samsvar med plan og søknad til Helsedirektoratet 10/2016	X					Fagenheter i Helse Nord, Helse Midt-Norge og Helse Sør-Øst Helsedirektoratet

3 UNDERVISNING

Gjennom undervisning ved høgskoler, universitet og helseinstitusjonar, formidlar kompetansesenteret kunnskap om habilitering og rehabilitering til fremtidige og noverande helsearbeidarar.

NR	TILTAK	2017	2018	2019	2020	2021	SØKE SAMARBEID MED
3.1	Bidra i undervisning innan grunn-, vidare- og etterutdanningar ved høgskolar og universitet i Helseregion Vest	X	X	X	X	X	Høgskoler og universitet
3.2	Bidra med undervisning og formidling av kunnskap om habilitering og rehabilitering overfor samarbeids-partnarar innan spesialist- og kommunehelsetenesta	X	X	X	X	X	Sjukehus og kommunar

4 REGIONAL KOORDINERANDE EINING (RKE)

RKE- funksjonen bidreg med oversikt over og kontakt med habilitering- og rehabiliteringsverksemd i spesialist- og kommunehelsetenesta i regionen. RKE har overordna ansvar for arbeid med individuell plan og koordinator i spesialisthelsetenesta (Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator §11 og §6). Målsettinga er å bidra til å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar/ brukarar med behov for tenester frå fleire fag, nivå og sektorer.

	TILTAK	2017	2018	2019	2020	2021	SØKE SAMARBEID MED
4.1	Kontinuere nettverksorganiseringa med bindeledds- medarbeidar til kvar av dei koordinerande einingane (KE) i helseføretaka, og gjennom denne strukturen også ha oversikt over og kontakt med habilitering- og rehabiliteringsverksemd i kommunane	X	X	X	X	X	Helseføretaka, private sjukehus og rehabiliteringsinstitusjonar KE i kommunane, LMS, Frisklivssentraler, NAV, andre
4.2	Ha overordna ansvar for arbeid med individuell plan (IP) og koordinator (KO) i helseføretaka (HF), og bidra med informasjon, opplæring og rettleiing om IP, KO i HF-a	X	X	X	X	X	
4.3	Vidareføre fag- og samarbeidsnettverket Møteplass for habilitering og rehabilitering, med tilhørande arbeidsutval (AU), mellom KE i hf og KE i kommunane i kvart føretaksområde	X	X	X	X	X	
4.4	Ta initiativ til/samarbeide med relevante fag- og støttefunksjonar i HF for å fremme koordinering av tenester innanfor og mellom tenestenivåa til beste for pasientane	X	X	X	X	X	

5 REGIONAL VURDERINGSEINING FOR REHABILITERING (VURDERINGSEININGA)

Vurderingseininga sikrer at vurdering og prioritering av pasientar tilvist til private rehabiliteringsinstitusjonar skjer i tråd med prioriteringsforskrift og rettleiarar, og bidreg til at rehabiliteringsfeltet utviklast i spesialisert retning.

	TILTAK	2017	2018	2019	2020	2021	SØKE SAMARBEID MED
5.1	Gjennomføre behandling og vurderinga av tilvisingar til Vurderingseininga i samsvar med i mandat frå Helse Vest RHF (2010), lov, forskrifter og prioriteringsrettleiarar	X	X	X	X	X	Vurderande legar, Helse Vest RHF, private rehabiliteringsinstitusjonar
5.2	Vidareutvikle, tilpasse og gjennomføre årleg rapportering til Helse Vest RHF med oversikt over aktivitet, pasientflyt og ventetider for tilvisingar til Vurderingseininga	X	X	X	X	X	Helse Vest RHF, medisinsk-fagleg ansvarleg lege for vurderingar, private rehabiliteringsinstitusjonar
5.3	Vidareutvikle og tilpasse aktiviteter og tenestar ved Vurderingseininga i samsvar med lov, forskrifter, nasjonale føringar, retningsliner frå Helse Vest RHF og styrande system i Helse Bergen	X	X	X	X	X	Nasjonalt nettverk for vurderingsenheter, Helse Vest RHF, medisinsk-fagleg ansvarleg lege for vurderingar, Helsedirektoratet private rehabiliteringsinstitusjonar

